



Vår dato:

10.03.2021

Vår ref:

2021/1027

Dykkar dato:

15.01.2021

Dykkar ref:

Austrheim kommune,  
Kommunehuset,  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Austrheim kommune - budsjett 2021 - økonomiplan 2021 - 2024

Austrheim kommunestyre har i møtet 10. desember 2020, sak 141/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Vi skal difor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 er godkjent.
- Låneramme til VA-investeringar er godkjent med kr 12,0 mill.
- Lån frå Husbanken til vidare utlån er godkjent med kr 8,0 mill.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Det er nødvendig at kommunen opparbeider eit større disposisjonsfond for å ha tilstrekkeleg driftsreserve. Fondet bør bli opparbeidd til mellom kr 30 mill. og kr 40 mill. i løpet av nokon år. Fondet må bli opparbeidd av midlar frå netto driftsoverskot, frå og med rekneskapen for 2020.

Det er viktig å dempe gjeldsnivået slik at ikkje gjeldsbelastninga er for stor. Låneopptaka bør difor inntil vidare vere avgrensa til investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter.

Vi legg opp til å ta kommunen ut av Robek-registeret etter at årsrekneskapen for 2020 er vedteke i kommunestyret.

Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Kommunen har arbeidd seg ut av ein vanskeleg økonomisk situasjon. Den økonomiske utviklinga er no på rette vegen. Kommunen er positiv å samarbeide med, både den politiske leiinga og administrasjonen.

### Budsjett 2021

E-postadresse:  
[sfvlp@statsforvalteren.no](mailto:sfvlp@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvaltaren.no/melding](http://www.statsforvaltaren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



I førebels rekneskap for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 12,6 mill. Det utgjer 4,4 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot er planlagt sett av til disposisjonsfond (kr 7,5 mill.) og til bundne driftsfond (kr 5,1 mill.).

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 9,4 mill. Det utgjer 3,5 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot er planlagt sett av til disposisjonsfond.

Kommunen har budsjettet med kr 96,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 192,8 mill. KS sin inntektsprognose for 2021 er no oppdatert med innkommen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikkje budsjettet for høgt samanlikna med den siste prognosene. Kommunen har høg arbeidsløyse. På den andre sida vil tilhøve knytt til Mongstad-anlegget bidra positivt med omsyn til skatteinngangen i år. I ei samla vurdering må skatteanslaget bli vurdert som realistisk.

Det er budsjettet med kr 13,5 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var kr 14,1 mill. Eigedomsskatten er vidareført på næring. Det er risiko knytt til utviklinga i desse inntektene over tid.

Kommunen fekk utbetalt om lag kr 4 mill. frå Havbruksfondet i 2020. Det er budsjettet med kr 1,0 mill. i utbetaling frå fondet i 2021, men denne inntekta er pårekna å bli noko høgare enn dette i år. Kommunen fekk i 2020 utbetalt utbytte med om lag kr 2,6 mill. frå BKK. Det er innarbeidd kr 1,5 mill. i utbytte frå selskapet i 2021.

Det er budsjettet med kr 9.984.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Budsjettete avdrag utgjer 4,0 prosent av kommunen si lånegjeld til kommunale investeringar per 1. januar 2021. Kommunen legg opp til å auke avdraga i økonomiplanperioden.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 17,8 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar innan vatn og avlaup til saman kr 12,0 mill. Det er også budsjettet med investering kr 3,5 mill. i kommunale bustader.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er planlagt finansierte med sal av fast eigedom.

Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, kr 10,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var om lag kr 266,2 mill. (førebels rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Brutto lånegjeld utgjorde 92,7 prosent av sum driftsinntekter. Lånegjelda var til same tid om lag kr 93.100,- per innbyggjar.

Netto lånegjeld ved utgangen av 2020 var om lag kr 234,2 mill., etter fråtrekk for startlån til vidare utlån. Netto lånegjeld utgjorde 81,6 prosent av sum driftsinntekter i 2020.

## Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.



I økonomiplanen er det for perioden 2022-2024 lagt opp til netto driftsoverskot, frå 2,7 prosent av driftsinntektene i 2022 til 3,7 prosent av driftsinntektene i 2024.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 om lag kr 7,8 mill. (førebels rekneskap) og utgjorde 2,7 prosent av driftsinntektene. Det er meir enn eit år tidlegare. Det er for kvart år i økonomiplanperioden lagt opp til å styrke disposisjonsfondet ytterlegare.

Det er planlagt årlege VA-investeringar med kr 12 mill. i perioden 2021-2023, redusert til kr 4,0 mill. i 2024. I tillegg kjem investering i omsorgsbustader med til saman kr 7,0 mill. i 2023 og 2024. VA-investeringane skal vere fullt ut sjølvfinansierande gjennom inntekter frå avgifter. Investering i omsorgsbustader skal vere sjølvfinansierande gjennom investeringstilskot og leigeinntekter.

Kommunen tek opp lån til VA-investeringane og omsorgsbustader. Andre investeringar blir finansierte utan lån, det vil seie i hovudsak gjennom sal av fast eigedom.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal: ( i prosent av driftsinntekter)

1. Netto driftsresultat: Minimum 3,0 prosent. Mål 3,5 prosent.
2. Disposisjonsfond: Minimum 10 prosent. Mål 13 prosent.
3. Netto lånegjeld: Maksimalt 85 prosent

### **Statsforvaltaren sin kommentar**

Kommunen sitt disposisjonsfond er blitt større i 2020. Det er likevel nødvendig at fondet blir opparbeidd ytterlegare i dei nærmaste åra. Vi legg til grunn at om lag kr 7,5 mill. av netto driftsoverskot i 2020 og heile netto driftsoverskotet for 2021 blir nytt til avsetjing disposisjonsfond. Vår vurdering er at fondet bør bli opparbeidd til mellom kr 30 mill. og kr 40 mill. i løpet av nokre år. Dette er viktig for å ha tilstrekkeleg driftsreserve. Disposisjonsfondet må bli bygd opp av midlar frå drifta, ikkje frå sal av eigedom.

Kommunen må ha store nok årlege netto driftsoverskot til å frigjere driftsmidlar til avsetjing i disposisjonsfond. Netto driftsoverskot bør difor vere minimum 3,0 prosent av driftsinntektene, slik kommunestyret har lagt til grunn.

Det er viktig å dempe gjeldsnivået slik at ikkje gjeldsbelastninga er for stor. Kommunen bør difor inntil vidare berre ta opp lån til investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter, det vil seie avgifter frå VA-investeringar eller leigeinntekter frå omsorgsbustader. I tillegg kjem startlån til vidare utlån. Andre investeringar bør bli finansierte utan lån. Vi rår difor kommunen til å vidareføre denne avgrensinga i låneopptak i dei komande åra.

Kommunen må bruke av disposisjonsfondet til å dekke inn det attståande meirforbruket (kr 0,85 mill.) frå utgangen av 2019. Kommunestyret må gjere vedtak om dette når årsrekneskapen for 2020 blir vedteke.



Vi legg opp til å ta kommunen ut av Robek-registeret etter at årsrekneskapen for 2020 er vedteken i kommunestyret.

**Vedtak:**

Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Austrheim kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Austrheim kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2021-2024 er godkjent med følgjande lånerammer til:

- VA-innvesteringar, kr 12,0 mill.
- Startlån frå Husbanken til vidare utlån, kr 8,0 mill.

Vi har godkjent lån kr 2,0 mill. av samla startlån til vidare utlån kr 10,0 mill. i eige brev av 11. januar d.å.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*